27-April-2015

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943 Austrheim

## Innspel til vidare utbygging av breiband

Eg syner til høyringsnotat på kommunen si heimeside, og ynskjer her å koma med innspel til høyringa.

Eit av områda det er aktuelt å bygja ut med fiberbasert breiband er på Leikvoll og vidare mot Solend. Eg er glad for at dette området er prioritert og håpar at det let seg gjera å få dette på plass.

Leikvoll er eit område der det bur ein del folk, og det er flerie bedrifter i området. Små einmannsbedrifter, bedrift som driv med bussreiser, entrepenør, bil og traktorverkstad og jordbrukseigedomar.

I området er det også eitn godkjend nytt byggjefelt og det vil vera naturleg at det også her vert knytt opp fiberbasert breiband.

Eg håpar at Leikvoll og området innover mot Solend vert høgt prioritert med tanke på den vidare utbygginga av fiberbasert breiband i Austrheim

Leikvoll, 27.04.15

Helge Dyrkolbotn

Grunneigar på Leikvoll